

Til Lindås kommune

Alvermarka 26.09-2017

- Planavdelinga
- Rådmann
- Ordførar
- Gruppeleiarar

Uttale om detaljregulering Stølsmarka frå Alvermarka velforening

Styret i Alvermarka velforening har i møte den 26.09. 2017 drøfta plansaka som pågår nord i Alvermarka og har følgjande uttale til Lindås kommune om detaljreguleringa Stølsmarka:

I Alvermarka nord har skulen Nordhordland Kristne Grunnskule og Alversund Montessoribarnehage eksistert i mange år. Barnehagen er ein 4 avdelings barnehage med 54 born i alderen 0-6 år. Skulen har 196 elevar frå 1-10 klasse. Til saman er det kvar dag i skule- og barnehagetida 250 born, og i tillegg ansatte i dette området. Ute- og leikeområdet for desse borna og elevane er i dag ikkje tilfredsstillande. Reguleringsplanarbeidet som pågår her no vil gjera noko med dette.

Styret i Alvermarka velforening meiner at det er viktig at reguleringsplanen som pågår i dette området no vert godkjent så fort som mogeleg. Dette for at born og unge sine interesser når det gjeld å få på plass eit betre ute- og leikeområde kan verta realisert og koma på plass. Det er difor viktig å få denne reguleringsplanen på offentleg ettersyn hausten 2017.

Styret i Alvermarka velforening synes det er fornuftig at eigedom 137/344 vert regulert og sikra som uteoppahaldsareal og grøntområde i tråd med planframleggset som vart sendt Lindås kommune den 14.03.2017 . Det er viktig at dette området kan brukast av skulen og barnehagen i Alvermarka på dagtid, og at innbyggjarane i Alversund og Alvermarka kan bruke området på ettermiddag, kveldstid og i helgane. Dette synes Alvermarka velforeninga vil vera ein god framtidig bruk av dette nærområdet til skulen og barnehagen i området!

Alvermarka velforening er opptatt av at dette området vert regulert slik planforslaget viser og rår på det sterke til at dette området vert slik plankartet viser. Alvermarka velforening er positiv til at eigedom gnr. 137/344 vert ein del av uteområdet til skulen og til barnhagen som er i Alvermarka.

Styret i Alvermarka velforening meiner og at borna i Alversund Montessoribarnehage og elevane på Nordhordland Kristne Grunnskole treng betre og større grøntområde og leikeplassar ute i naturen, men og lenger vekk frå fylkesveg 565 enn kva dei har i dag. Å utvikle deler av dette grøntområdet til uteoppahaldsareal, men og ta vare på resten som grønt friområde er fornuftig og ein berekraftig bruk her, etter velforeninga sitt syn. **Å ta omsyn til born og unge sine interesser er eit sentralt grep og verdi i all arealplanlegging.**

Alvermarka velforening meiner at fordelinga mellom regulert grøntstruktur friområde med om lag tre dekar og regulert uteoppahaldsareal (BUT) på om lag to dekar her er ein fornuftig fordeling av arealbruken her framover. Å opparbeida uteoppahaldsarealet med leikeapparat, parkanlegg og stiar vil føra til at denne nordre delen av Alvermarka får eit sosialt løft, og det vil verta ein attraktiv

møteplass på fritida. Dette området skal vera open for ålmenta utanom skuletida, det er ein god arealbruk. Slik er dette området planlagt:



Alvermarka Velforening ynskjer at grøntområda sørvest i planområdet vert slik plankartet over viser. Egedomsteigen 137/344 ynskjer såleis velforeninga skal setjast av til uteoppahaldsareal og grøntområde friområde, i dag er dette området i gjeldane reguleringsplan som vart vedteken 22.01.1973 regulert til barnehage.



I kommunedelplan for Knarvik - Alversund 2007-2019 er dette området sett av til framtidig bustadområde. Det meiner styret i Alvermarka velforening er ein feil bruk at dette området.

Alvermarka velforening synes at trafikkmessige omsyn er godt ivaretakne i planforslaget. Det er fornuftig om den kommunale vegen Alvermarka som går langs vestre del av planområdet og som gjev tilkomst til Stølsmarka får gode fartsregulerande tiltak. Det kan vera fartsdumpar, miljøgatetiltak eller nedsenka vegbane der born og unge kryssar dei kommunale vegane her i dag. Alvermarka velforening er glad for at det i dag er på plass fortau inn til planområdet her frå ulike retningar, me meiner at trafikktryggleik for mjuke trafikantar er godt ivareteke i planforslaget. Alvermarka velforening vil elles opplysa om at tilsette på skulen og barnehagen i dag har gode busstilhøve og bør bruka kollektive løysingar i kvarldagen i størst mogeleg grad. Det gjeld også elevar som kjem få andre bygder. **Alvermarka velforening ynskjer elles veglys på plass der det er gangvegar og mørkt langs vegr og fortau i denne delen av bustadfeltet vårt.**

Styret i Alvermarka velforening synes det er fornuftig at planlagte nybygg skal liggja i nordvestlege deler av planområdet. Denne plasseringa vil ta omsyn til nabobar på ein god måte. **Alvermarka Velforening støttar planforslaget sendt frå Ard arealplan AS til Lindås kommune den 14.03.2017 og vonar at denne detaljreguleringa med det første vert sendt vidare til offentleg ettersyn.** Alvermarka Velforening ynskjer på det sterkaste at grøntområda sørvest i planområdet vert med slik plankartet over viser. **Dette av omsyn til born og unge sine interesser framover i Alvermarka og i Lindås kommune.**

Med venleg helsing

Hans Kenneth Sundsbø

Leiar i Alvermarka velforening